



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato 17.12.2019
Møtetid: Kl. 15:00 - 18:00
Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Av 9 medlemmer møtte 8, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Ove Totland	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Oskar Røen	MDG
Monica Tjønnå	Sp

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap	Kjell Roar Nordvik	H
Thorvald Moe	H		

Møtenotater:

Møteleiar:	Karl Bård Kollbotn
Møtesekretær:	Hilde-Lill Våge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 06.01.2020

Karl Bård Kollbotn
leiar i utvalet

Hilde-Lill Våge
einingsleiar samfunnsutvikling

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
021/2019	19/1127	Faste saker	
022/2019	19/987	GBNR 4/6 - Handsaming av søknad om konsesjon	
023/2019	19/726	GBNR 36/1 - Handsaming av søknad om konsesjon	
024/2019	19/273	GBNR 26/12 - Handsaming av søknad om konsesjon	
025/2019	19/352	Frølandselva/Eikedalsvassdraget - Varig verna vassdrag.	
026/2019	19/13	Kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019-2023	

SAKNR. 021/2019: Faste saker

17.12.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til møteinnkalling, saklista eller skriv og meldingar.

Landbrukssjef Øystein Svalheim orienterte og gjekk igjennom konsesjonslova og andre lovar knytt til sakshandsaming av konsesjonssøknader.

Ordførar Knut Harald Frøland orienterte om melding til SK frå Serene Onshore om elektrifisering av sokkelen og ny kabel frå Samnanger til sokkelen. Link for meir informasjon på <https://sysla.no/gronn/bkk-og-capeomega-med-milliardplan-for-landstrom-i-nordsjoen/>

Ass.rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at det vil verte ca. 45 minuttspolk opplæring til kvart naturutvalsmøte no i starten. Opplæringa vil i stor grad verte knytt til saker som utvalet skal handsame. Til neste møte vil det verte fokus på plan og prosess. Til dette møtet er det planlagt å få opp planstrategi for denne kommunestyreperioden.

Protokollmerknad frå Karl Bård Kolbotn (Frp) til sak 25/2019 - Frølandselva/Eikedalsvassdraget - Varig verna vassdrag (arkivsak19/352):

Mandat:

Denne saka gjeld ikkje eit forsøk på å oppheva det varige vernet mot vassdragsutbyggingar, men er eit spørsmål til politikarane om kommunen (politisk eller administrativt) skal gå i gang med å arbeida for enkelte former for oppmjuking av vernet. Døme på slik oppmjuking kan vera å tillata større vasskraftutbyggingar enn 1 MW, eller å få flytta vernegrensa oppover i vassdraget. Administrasjonen har ikkje undersøkt moglegheitene, så det er vanskeleg å skriva noko meir om kva type oppmjukingar som eventuelt er moglege.

Naturutvalet må formulera eit vedtak som seier at Samnanger kommune skal arbeida for, eller ikkje skal arbeida for, ei oppmjuking av vernerestriksjonane i Eikedalsvassdraget. Eventuelt kan det skisserast kva slags oppmjuking det skal arbeidast for.

OBJEKTVERN AV FOSSEN BRATTE:

Eikedalsvassdraget vart midlertidig verna i 1973 og varig verna i 1986 - verneplan III for vassdrag. Det nasjonale kontaktutvalet for vassdragsreguleringar plasserte Eikedalsvassdraget i verneklasse 4. (Ikkje verneverdig). NOU 1983:41, konkluderer likevel med vern, hovudsakleg på grunn av Fossen Bratte. Vernet omfattar: Eikedalsvatnet med nedbørsfelt og elva ned til Frølandsvatn, med alle sidevassdrag. Nedbørsfeltets areal er 97 km². Det verna området berører tre kommunar: Samnanger med 73 %, Kvam med 26 % og Fusa med 1 %.

Tiltak som har vorte og vert gjennomført innanfor vassdragsbeltet på 100 m, etter at vassdraget vart verna utan konsekvensvurdering i høve til påverknad på verneverdiane i vassdraget:

- **Vegbygging:** Loni (også kalla Rossebotten) er ein del av hovudelva (Frølandselva, også kalla Eikedalselva) og er geografisk plassert like overfor Mørkhølsfossen. I perioden slutten av 1960-talet til midten av 1970-talet vart det utført omfattande inngrep i hovudelva i forbindelse med utbetring av vegen som går langs hovudelva frå Frøland til Eikjedalen. Desse inngrepa medførte innsnevring av utløpet frå Loni med det resultat at Loni fløymer opp når vassføring i elva aukar. Loni var tidlegare slåttemark og viktig kulturlandskap. Etter inngrep i elva som følgje av vegbygginga, blei Loni permanent sterkt skada. Bøndene på Frøland og Børdalen gjekk til sak mot Statens vegvesen, men nådde ikkje fram.

Langs hovudelva frå Frøland/Jarland opp mot Liaros vart det i tilknytning til utvidinga av Rv.7 støypt og bygd natursteinsmurar ut i elva. Oppe ved Storlid er det bygd skogsveg innanfor 100 m beltet, som går langs hovudelva og sideelva frå Stutabotn.

- **Kraftnett:** Etablering av trafostasjon i Børdalen og 300 kV kraftlinje til Helldalen ligg også innanfor 100 m elvebeltet. Utvidinga av trafostasjonen og ny 420 kV kraftlinje Sima – Samnanger er også i konflikt med forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag pga. at trafostasjonen og deler av linjetraseen ligg innanfor 100 m vassdragsbeltet. Statnett planleggjar også å bygge ny og større transformator i Børdal kommande år.

- **Bygg og anlegg:** Etter at Eikedalsvassdraget vart verna er Eikjedalen skisenter bygd ut, og i tilknytning til det hyttefelt tett inntil Teigaelva som også er omfatta av vassdragsvernet. I samband med bygging av tunnel bak Tysse (Fv.48) vart store jordmassar transportert til Dal og utplanert der like inntil Eikedalselva.

Samnanger kommune meiner at det er uheldig at eit verna vassdrag, har mange og omfattande inngrep og ønsker å endre vernestatus i Eikedalsvassdraget.

Det kan være 3 måtar å løyse dette på:

1. Endre dei nasjonale retningslinjene for verna vassdrag. Dette vil være ein tung politisk prosess, som kan være vanskelig å gjennomføra.

2. Flytte vernegrensa opp til ovanfor Storlid. Dette bør kunne gjennomførast, da Eikedalsvassdraget likevel ikkje går frå fjord til fjell, slik som normalen er.

3. Det beste alternativet, slik Samnanger kommune ser det, er objektvern av Fossen Bratte (Brudesløret).

Fossen Bratte er ein turistattraksjon som må bevarast for ettertida og bør få eit sterkare vern enn med dagens vassdragsvern, da den da i prinsippet kunn er verna mot kraftutbygging. Ved objektvern vil hovudvassføringa i Eikedalselva (Frølandselva) bli sikra. Dette er viktig for å bevare den naturlege dynamikken i området Fossen Bratte, Loni og Mørkhølsfossen.

Ved endring av vassdragsvernet i Eikedalsvassdraget, kan det åpnast for fornuftig bruk av vassdraget utan å gå på akkord med vernevedtaket.

Ei kvar utnytting av vassdraget - også etter ein eventuell endra status, vil måtta ta omsyn til og oppfylle vilkåra i Naturmangfaldslova og Vassforskrifta.

Det vil være fornuftig med ressursutnytting av vassdraget, når dette kan utførast utan å redusera dei opprinnelige verneverdiane.

Ressursutnytting av Eikedalsvassdraget vil tilføra Samnanger kommune økonomiske verdiar, som vil komma innbygarane tilgode.

Samnanger og Granvin kommune fekk utarbeid ein rapport i 2014, som omhandlar vassdragsvernet i nemnte kommunar. Denne rapporten er utarbeid av Terje Engvik og han seier blant anna i samandraget "I Eikedalsvassdraget vil det kunne vere aktuelt å vurdere utstrekninga på verneområdet, då dei registrerte verneverdiane i fyrste rekkje ligg frå Fossen Bratte og oppover i vassdraget".

Samnanger kommune går inn for objektvern av Fossen Bratte, med eit forsterka vern av denne turistattraksjonen.

NAT- 021/2019 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 022/2019: GBNR 4/6 - Handsaming av søknad om konsesjon

17.12.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta saka, og rådmannen sitt framlegg vart samrøyste vedteke.

NAT- 022/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gjev Pål Røynesdal konsesjon for å erverve gnr.4 bnr 6.

Vedtaket har heimel i Konsesjonslova §1

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev Pål Røynesdal konsesjon for å erverve gnr.4 bnr 6.

Vedtaket har heimel i Konsesjonslova §1

SAKNR. 023/2019: GBNR 36/1 - Handsaming av søknad om konsesjon

17.12.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet stadfesta at dei hadde fått på epost ettersendt skriv frå søkjar sin advokat Ivar Winjum datert 13.12.2019.

Utvalet drøfta saka. Landbrukssjef Øystein Svalheim orienterte om konsesjonlova og bakgrunn for rådmannen si tilråding.

Røystinga over tilråding vart følgjande:

For tilrådinga	Imot tilrådinga
Karl Bård kolbotn (Frp)	Øvind Seinsland (BI)
Linda Haug kolbotn (Frp)	
Monica Tjønnna (Sp)	
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)	
Ove Totland (BI)	
Kjell Roald Nordvik (H)	
Oskar Røen (Mpg)	

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 7 mot ei røyst.

NAT- 023/2019 Vedtak:

Samnanger kommune avslår Tim Arve Tveit sin søknad om konsesjon for gnr. 36 bnr.1. Kommunen gjev ikkje fritak frå den lovpålagde buplikta på eigedomen.

Vedtaket har heimel i Konsesjonslova § 1 § 5 og § 9.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune avslår Tim Arve Tveit sin søknad om konsesjon for gnr. 36 bnr.1. Kommunen gjev ikkje fritak frå den lovpålagde buplikta på eigedomen.

Vedtaket har heimel i Konsesjonslova § 1 § 5 og § 9.

SAKNR. 024/2019: GBNR 26/12 - Handsaming av søknad om konsesjon

17.12.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta saka, og rådmannen si tilrådinga vart samrøystes vedteke.

NAT- 024/2019 Vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Stian Espelid Svendsdal for å kjøpa Gnr. 26, bnr. 12. Det vert sett som vilkår for konsesjon at søkjaren busett seg på eigedomen innan 1 år etter ervervet og bur der i minst 5 år.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1, 9 og 11.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Stian Espelid Svendsdal for å kjøpa Gnr. 26, bnr. 12. Det vert sett som vilkår for konsesjon at søkjaren busett seg på eigedomen innan 1 år etter ervervet og bur der i minst 5 år.

Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1, 9 og 11.

SAKNR. 025/2019: Frølandselva/Eikedalsvassdraget - Varig verna vassdrag.

17.12.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Utvalet drøfta saka på overordna politisk nivå. Ev grunneigarar i området vert då ikkje ugild.

Utvalet ønskje å sjå på ei oppmjuking av vernet.

Karl Bård Kolbotn (Frp) sette fram følgjande framlegg:

Mandat:

Denne saka gjeld ikkje eit forsøk på å oppheva det varige vernet mot vassdragsutbyggingar, men er eit spørsmål til politikarane om kommunen (politisk eller administrativt) skal gå i gang med å arbeida for enkelte former for oppmjuking av vernet. Døme på slik oppmjuking kan vera å tillata større vasskraftutbyggingar enn 1 MW, eller å få flytta vernegrensa oppover i vassdraget. Administrasjonen har ikkje undersøkt moglegheitene, så det er vanskeleg å skriva noko meir om kva type oppmjukingar som eventuelt er moglege.

Naturutvalet må formulera eit vedtak som seier at Samnanger kommune skal arbeida for, eller ikkje skal arbeida for, ei oppmjuking av vernerestriksjonane i Eikedalsvassdraget. Eventuelt kan det skisserast kva slags oppmjuking det skal arbeidast for.

OBJEKTVERN AV FOSSEN BRATTE:

Eikedalsvassdraget vart midlertidig verna i 1973 og varig verna i 1986 - verneplan III for vassdrag.

Det nasjonale kontaktutvalet for vassdragsreguleringar plasserte Eikjedalsvassdraget i verneklasse 4. (Ikkje verneverdig). NOU 1983:41, konkluderer likevel med vern, hovudsakleg på grunn av Fossen Bratte. Vernet omfattar: Eikedalsvatnet med nedbørsfelt og elva ned til Frølandsvatn, med alle sidevassdrag. Nedbørsfeltets areal er 97 km². Det verna området berører tre kommunar: Samnanger med 73 %, Kvam med 26 % og Fusa med 1 %.

Tiltak som har vorte og vert gjennomført innanfor vassdragsbeltet på 100 m, etter at vassdraget vart verna utan konsekvensvurdering i høve til påverknad på verneverdiane i vassdraget:

- **Vegbygging:** Loni (også kalla Rossebotten) er ein del av hovudelva (Frølandselva, også kalla Eikjedalselva) og er geografisk plassert like overfor Mørkhølsfossen. I perioden slutten av 1960-talet til midten av 1970-talet vart det utført omfattande inngrep i hovudelva i forbindelse med utbetring av vegen som går langs hovudelva frå Frøland til Eikjedalen. Desse inngrepa medførte innsnevring av utløpet frå Loni med det resultat at Loni fløymer opp når vassføring i elva aukar. Loni var tidlegare slåttemark og viktig kulturlandskap. Etter inngrep i elva som følgje av vegbygginga, blei Loni permanent sterkt skada. Bøndene på Frøland og Børdalen gjekk til sak mot Statens vegvesen, men nådde ikkje fram.

Langs hovudelva frå Frøland/Jarland opp mot Liaros vart det i tilknytning til utvidinga av Rv.7 støypt og bygd natursteinsmurar ut i elva. Oppe ved Storlid er det bygd skogsveg innanfor 100 m beltet, som går langs hovudelva og sideelva frå Stutabotn.

- **Kraftnett:** Etablering av trafostasjon i Børdalen og 300 kV kraftlinje til Helldalen ligg også innanfor 100 m elvebeltet. Utvidinga av trafostasjonen og ny 420 kV kraftlinje Sima – Samnanger er også i konflikt med forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag pga. at trafostasjonen og deler av linjetraseen ligg innanfor 100 m vassdragsbeltet. Statnett planleggjar også å bygge ny og større transformator i Børdal kommande år.

- **Bygg og anlegg:** Etter at Eikjedalsvassdraget vart verna er Eikjedalen skisenter bygd ut, og i tilknytning til det hyttefelt tett inntil Teigaelva som også er omfatta av vassdragsvernet. I samband med bygging av tunnel bak Tysse (Fv.48) vart store jordmassar transportert til Dal og utplanert der like inntil Eikjedalselva.

Samnanger kommune meiner at det er uheldig at eit verna vassdrag, har mange og omfattande inngrep og ønsker å endre vernestatus i Eikjedalsvassdraget.

Det kan være 3 måtar å løyse dette på:

1. Endre dei nasjonale retningslinjene for verna vassdrag. Dette vil være ein tung politisk prosess, som kan være vanskelig å gjennomføra.

2. Flytte vernegrensa opp til ovanfor Storlid. Dette bør kunne gjennomførast, da Eikjedalsvassdraget likevel ikkje går frå fjord til fjell, slik som normalen er.

3. Det beste alternativet, slik Samnanger kommune ser det, er objektvern av Fossen Bratte (Brudsløret).

Fossen Bratte er ein turistattraksjon som må bevarast for ettertida og bør få eit sterkare vern enn med dagens vassdragsvern, da den da i prinsippet kunn er verna mot kraftutbygging. Ved objektvern vil hovudvannføringa i Eikedalselva (Frølandselva) bli sikra. Dette er viktig for å bevare den naturlege dynamikken i området Fossen Bratte, Loni og Mørkhølsfossen.

Ved endring av vassdragsvernet i Eikjedalsvassdraget, kan det åpnast for fornuftig bruk av vassdraget utan å gå på akkord med vernevedtaket.

Ei kvar utnytting av vassdraget - også etter ein eventuell endra status, vil måtta ta omsyn til og oppfylle vilkåra i Naturmangfaldslova og Vassforskrifta.

Det vil være fornuftig med ressursutnytting av vassdraget, når dette kan utførast utan å redusere dei opprinnelige verneverdiane.

Ressursutnytting av Eikjedalsvassdraget vil tilføra Samnanger kommune økonomiske verdiar, som vil komma innbyggjarane tilgode.

Samnanger og Granvin kommune fekk utarbeid ein rapport i 2014, som omhandlar vassdragsvernet i nemnte kommunar. Denne rapporten er utarbeid av Terje Engvik og han seier blant anna i

samandraget "I Eikjedalsvassdraget vil det kunne vere aktuelt å vurdere utstrekninga på verneområdet, då dei registrerte verneverdiane i fyrste rekkje ligg frå Fossen Bratte og oppover i vassdraget".

Samnanger kommune går inn for objektvern av Fossen Bratte, med eit forsterka vern av denne turistattraksjonen.

Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande framlegg: "Samnanger kommune ynskjer ei revurdering av det noverande vernet av Frølandselva/Eikedalsvassdraget. Dette inneber at kommunen ser på moglegheiter for utvikling i området og jobbar for ei oppheving av varig vern og heller ser på ei meir hensiktsmessig delvis verving. Det vert jobba med ei oppdatering av noverande rapportar om området.

Det er viktig at dette vert gjort så opent som mogleg og at innbyggjarane og andre vert teke med i prosessen. Naturutvalet vert arbeidsgruppe i saken."

Utvalet drøfta begge framlegga godt og slutta seg til å ha Tjønna sitt framlegg som vedtak og Kolbotn sitt framlegg som ein protokollmerknad til saka.

Det vart røysta over framlegget til Tjønna og protokollmerknaden. Begge vart samrøystes vedteke.

NAT- 025/2019 Vedtak:

Samnanger kommune ynskjer ei revurdering av det noverande vernet av Frølandselva/Eikedalsvassdraget. Dette inneber at kommunen ser på moglegheiter for utvikling i området og jobbar for ei oppheving av varig vern og heller ser på ei meir hensiktsmessig delvis verving. Det vert jobba med ei oppdatering av noverande rapportar om området.

Det er viktig at dette vert gjort så opent som mogleg og at innbyggjarane og andre vert teke med i prosessen. Naturutvalet vert arbeidsgruppe i saken.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan instilling, då dette er eit reint politisk spørsmål.

SAKNR. 026/2019: Kontaktpersonar til Vestland vassregionutval og vassområdeutval 2019-2023

17.12.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

NAT- 026/2019 Vedtak:

Samnanger kommune sin politiske representant til vassområdeutvalet for Vest vassområde vert for perioden 2019-2023 ordførar Knut Harald Frøland. Vararepresentant vert leiar i naturutvalet Karl Bård Kolbotn.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sin politiske representant til vassområdeutvalet for Vest vassområde vert for perioden 2019-2023 ordførar Knut Harald Frøland. Vararepresentant vert leiar i naturutvalet Karl Bård Kolbotn.